



Ivar Baste heldt eit interessant føredrag i Gamleskulen

**Ein åttandedel av dei 7 milliardane som no bur på planeten vår ligg under fattigdomsgrensen.**

**Dette var eit av dei dystre tala som økolog, fritidsbonde og seniorrådgjevar Ivar Baste kom med i føredaget sitt på årsmøtet til Uskedalen Bondelag. Han er tilsett i Miljødirektoratet og har kontor i Rosendal men har brei internasjonal erfaring, mellom anna etter 10 år i Nairobi. Familien går i fotspora hans - han har 2 søner i Australia og ei dotter i Irland.**

Bondelaget markerte ved å invitera Baste at dette var verdas matvaredag som vart etablert av FN i 1979.

Han illustrerte korleis kloden har endra seg dramatisk på dei siste 20 åra. Til dømes har vi mista 100 millionar hektar skog frå 2000 til 2005 og korallreva har gått attende med meir enn ein tredel sidan 1980.

Det har vore 25 prosent vekst i folketalet, men ein tredobling av handelen trass i finanskrisa. Det kan noterast ein vekst på 75 prosent i nasjonalproduktet..

Også miljøendringane har vore store med 9 prosent utslippsauke av CO2, halve temperaturauken på 0,85 grader celsius sidan 1880 og aukande tap av biomangfald.

Innan dei neste 40 åra er målet å ta vare på 9,2 milliardar menneskje, innfri utviklingsmål om reduksjon av fattigdom og helse, oppnå eit klimakutt på 50-80 prosent og restaurera ozonlaget. Det siste meinte Baste allereie kan kallast ein suksess, men ein del av kloden er framleis utsett.

Nulltap av biomangfald er også ein av målsettingane og her er det fleire internasjonale organar i aktivitet.

Baste viste til konvensjonen om biologisk mangfald og andre spesialavtalar, Han viste mellom anna til avtalar om truga artar, handel med slike, trekkjande artar og plante- og dyregenetiske ressursar.

Det er også eit mellomstatleg panel for biomangfald og økosystemtenestar - også kalla Naturpanelet - som skal fremja samspel mellom forskning og forvaltning. Her er Baste vald inn i styret.

Han slår fast at vi står overfor ei kjempeutfordring, men er optimist og samanliknar utfordringa med oppgåva det er å forvalta ein gard - å levera han til neste generasjon i like god stand som då ein overtok

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen